

## Dei tradisjonelle julefestane

22.12.2010



Det er plass til 2 ringar rundt treet på Vonheim. Dette biletet vart teke i fjar (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Romjula i Uskedalen kjem også i år til å bli prega av dei tradisjonelle julefestane - i Bedehuset og Grendahuset Vonheim.**

**Oppslutnaden plar å vera stor  
og det blir den nok også denne gongen.**

I Bedehuset mandag 27. desember klokka 17 blir det andakt ved Birgit Hjelmeland frå Omvikdalen og Camilla Myklebust og Tone Reinertsen Hellesøy skal syngja. Laurdagsskulen og småbarnstreffet har øvd iherdig på opprinnet 'Bibelen' som dei skal framføra.

Det blir matøkt og posar til borna og sjølvsagt juletregang. Spanande kvart år er det å sjå kor stort juletree er i Bedehuset dette året. Når det heilt opp til taket denne gongen?

Den nye soknepresten, Kristian Due, skal tala i Grendahuset Vonheim denne gongen. Der blir den tradisjonelle festen halden tysdag 28. desember klokka 19. Dette er ein tradisjon ssom ikkje har vore broten sidan lokalet vart vigsla i 1933 og her må ein verkeleg snakka om utrettelege tradisjonsberarar.

Tradisjonen blir og røkta av Musikklaget, som også denne gongen opnar festen slik dei har gjort sidan 1987 med eit utdrag av songskatten knytt til julen. Musikklaget imponerte under julegrantenninga i bygda med mange songar på repertoaret og imponerande er også aldersspennet - frå 16 til 78 år!.

Oppslutnaden om denne juletrefesten er eit imponerande kapitel for seg - halve grenda plar å koma. I fjor var det 40 som var akkurat passe til to ringar rundt treet. Det er kva det er plass til i det intime lokalet.

Og Britt Torill M. Mathiesen, som leiar Vonheim, lovar at nissen kjem også denne gongen.

Av Ola Matti Mathisen



Ronja og Tor Lakselv under ein julefest. (Foto: Thor Inge Døssland)